

Maiken Gjøsdal

## Preproprielle artiklar i endring

Ei undersøking av statusendringa til dei preproprielle artiklane i voldadialekta

Bacheloroppgåve i Lektorutdanning i nordisk

Rettleiar: Kristin Melum Eide

Juni 2021



Maiken Gjøsdal

## **Preproprielle artiklar i endring**

Ei undersøking av statusendringa til dei preproprielle artiklane i voldadialekta

Bacheloroppgåve i Lektorutdanning i nordisk  
Rettleiar: Kristin Melum Eide  
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for språk og litteratur



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd



1. Innleiing.....	2
2. Teori .....	2
2.1 Om voldadialekta.....	2
2.2 Preproprielle artiklar.....	3
2.3 Psykologisk distale determinativ .....	4
2.4 PPA i voldadialekta.....	5
3. Metode.....	7
3.1 Dialektologi som diakron vitskap.....	7
3.2 Om informantutvalet .....	7
3.3 Framgangsmåte .....	8
4. Resultat og diskusjon .....	9
4.1 Kva er funna? .....	9
4.1.1 Informantar 1-4 (eldre) .....	10
4.1.2 Informantar 4-8 (yngre).....	10
4.1.3 Andre observasjonar .....	11
4.2 Feilkjelder .....	11
4.3 Dialektnivellering .....	12
4.4 Ungdom som pådrivarar .....	13
5. Avslutning.....	13
6. Litteratur .....	15
7. Vedlegg.....	16

## 1. Innleiing

I høve bacheloroppgåva mi i emnet NORD2242 vil eg forske på syntaktiske endringar i mi eiga dialekt, som stammar frå Volda-området. Målmerket eg ynskjer å undersøkje er dei prepropriele artiklane, som tradisjonelt er omtala som obligatoriske i dette talemålet. I nyare tider bit ein seg likevel merkje i at yngre språkbrukarar vel å utelate desse artiklane i daglegspråket sitt, og eg vil difor forsøke å kartleggje i kva grad målmerket er på veg ut, i tillegg til å finne ut korleis ulike aldersgrupper oppfattar grammatikaliteten av denne syntaktiske strukturen. Eg vil òg ha eit sideblikk på psykologisk distale determinativ, som tidlegare har representert ei feilkjelde i forskning på prepropriele artiklar, ettersom dei to overlappar i utbreiing og har same leksikalske opphav. Fokuset i forskingsdelen av oppgåva er likevel på prepropriele artiklar, ettersom avgrensingar i omfang ikkje tillèt meg å gå i djupna på begge fenomena. Problemstillinga eg vil utforske er difor: «er bruken og oppfatninga av prepropriele artiklar i voldadialekta i endring?»

For å svare på problemstillinga vil eg fyrst gjere greie for prepropriele artiklar og psykologisk distale determinativ, både i ein nordisk samanheng og meir spesifikt knytt til voldadialekta. Eg vil og kort forklare kva som karakteriserer dette dialektområdet generelt. Så vil eg gjennomføre ei kvalitativ spørjeundersøking med fokus på to ulike aldersgrupper: ungdom i alderen 15-19 år og eldre mellom 78-80 år. Stiller desse to informantgruppene seg ulikt til bruken av artiklane? Vil nokre av dei yngre framleis nytte dei i tråd med det tradisjonelle systemet, eller er ikkje dette aktuelt? Er bruken blitt opsjonell – eller har denne utviklinga kanskje gått så langt at dei unge byrjar å oppfatte prepropriele artiklar som ugrammatikalsk?

## 2. Teori

### 2.1 Om voldadialekta

Volda er ein tettstad i Volda kommune på Sunnmøre i Møre og Romsdal, nær grensa mot Vestland. Frå 2020 inkluderer Volda kommune det som tidlegare heitte Hornindal kommune, som var del av Sogn og Fjordane fylke. Denne oppgåva dreier seg hovudsakleg om dialekta i tettstaden Volda og omlandet, i tillegg til tettstaden Dalsfjord, som er eit meir ruralt strøk og kan nåast frå Volda sentrum ved hjelp av ferje (sjå vedlegg 2 for kartutsnitt). Funna kan likevel vere relevante for store delar av det sunnmørske dialektområdet, men sidan forskinga er gjort særskilt i Volda og Dalsfjord vil eg halde meg til å omtale dei. Donymet for innbyggjarar i Volda er *volding*, og *dalsfjording* gjeld i Dalsfjord. Dei same nemningane nyttast høvesvis om talemålet dei to stadane. Dalsfjord var eiga kommune mellom 1924 og 1964, men er no del av Volda (Thorsnæs, 2021, lasta ned 04.06.2021 kl. 15:29). Dalsfjord har per 2021 offentleg barne- og ungdomsskule, i tillegg til ein privat barneskule og ein Coop Marked. Ungdom frå Dalsfjord går på vidaregåande skule i Volda eller Ørsta, anten ved

dagpendling eller ved å ha eigen hybel. Dette fører til at mange unge blir utsette for meir språkkontakt frå 16-årsalderen av.

Voldadialekta fell under det sunnmørske dialektområdet, som igjen høyrer heime under den breiare inndelinga nordvestlandsk. Dette området skil seg frå sørvestlandsk basert på e-målet, ofte omtala som *nordleg e-mål* (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 95). Området er og tradisjonelt karakterisert av palatalisering av lange alveolarar – i både trykksvak og trykksterk stilling – men dette er eitt av mange målmerke som har vore under sterkt press dei siste åra (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 95). Andre trekk som kan nemnast i denne samanhengen er t.d. kløyvd hokjønnsbøying; dei sterke hokjønnsorda får -a-ending i bunden form eintal medan dei svake får -å-ending (kyrkjå, brua) (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 96). Eit særmerkt trekk, som framleis kan seiast å vere relativt stabilt i sunnmørsdialekta, er den tydelege uttalen av begge konsonantlydane i sambanda *nd*, *ld*, *mb* og *ng*. På nasjonal basis er dette nokså unikt, sidan desse sambanda har vorte assimilerte i dei fleste andre dialekter (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 96).


Volda er eit område med ein lang skrifttradisjon, sidan ein der frå tidleg av har hatt både høgskule, sjukehus og trykkjeriverksemd. Alle desse institusjonane har medført mykje tilflytting frå andre stader i landet, og det er grunn til å tru at dialekta bærer preg av dette. I nyare tid er det andre og meir universelle krefter som kan seiast å påverke talemålet – basert på det ein veit om dialektutjamning, kan mellom anna bymålet i Ålesund ventast å påverke områda rundt i aukande grad. Eg vil seinare i teksten kome tilbake til korleis teorien om språkleg regionalisering kan forklare kvifor arkaiske trekk ved bygdedialekter er på vikande front.

## 2.2 Preproprielle artiklar

Preproprielle artiklar i norsk er eit tema som har blitt noko stemoderleg handsama i litteraturen. Fenomenet i ein nordisk samanheng er grundigast gjort greie for av Janne Bondi Johannessen, og eg vil for det meste nytte hennar og Piotr Garbacz sin artikkel *Proprial articles* (2014) i denne utgreiinga. Termen *prepropriell artikkel* har opphav i Eriksson (1973), s. 25. Delsing peiker på at ein alternativ term er *prepositiv pleonastisk artikkel*, men at det å nytte ordet *pleonastisk* er blitt gjort frå eit svensk riksmålsperspektiv, og difor er PPA eit betre og meir nøytralt omgrep å nytte (Delsing, 2003, s. 20).

Preproprielle artiklar, som eg frå no av vil referere til med forkortinga PPA, er frittstående, framforstilte artiklar som opptre i samband med personnamn i argumentposisjon (Johannessen & Garbacz, 2014, s. 10). I tillegg til personnamn blir dei brukte ved kjælenamn, slektskapsnamn (som mamma, onkel, oldemor), og generelt alle typar proprium som nyttast om ein person. Dei har typisk same form som dei personlege pronomena i den aktuelle dialekta, men er alltid trykklette, og

erstattar ikkje namnet. Det er freistande å hevde at artiklane ikkje har noko innhald, ettersom den har obligatorisk status i dei områda den finst; den blir med andre ord nytta av alle språkbrukarar og i alle språklege kontekstar, så lenge dei nødvendige vilkåra er til stade. Denne påstanden er likevel noko eg ynskjer å problematisere seinare i denne seksjonen.



Figur 1. Trestruktur av ein DP med PPA i nominativ hokjønn

I dei nordiske språka er den preproprielle artikkelen langt meir frekvent enn den postproprielle motparten (PoPA), som blir suffigert til personnamnet som ein vanleg bunden artikkel: «Kasperen». PPA og PoPa har syntaktisk komplementær distribusjon, noko som vil seie at ein ikkje finn begge typane i same dialektområdet (Delsing, 2003, s. 20). Det er i tillegg verdt å merkje seg at utbreiinga av PPA latar til å vere klårt større i Noreg enn i Sverige og Finland, der frekvensen hittil ser ut til å vere svært låg (Johannessen & Garbacz, 2014). Dette er likevel noko som bør forskast vidare på, ettersom undersøkingane som ligg til grunne for denne påstanden har mange feilkjelder og produserte inkonklusive resultat. PPA finst ikkje i korkje av dei norske skriftspråka, men er omtala som svært frekvente i store delar av det norske dialektlandskapet. I følgje ScanDiaSyn-undersøkinga som Johannessen refererer til i artikkelen sin kan ein sjå ein tydeleg isogloss på tvers av Sør-Noreg som omkransar eit område *utan* PPA; denne startar sør i Hordaland og inkluderer dei gamle fylka Rogaland, Telemark, Vest-Agder, Aust-Agder og Oslo (Johannessen & Garbacz, 2014, s. 11). Innanfor dette området finn ein PPA berre i Stavanger og Setesdal (sjå vedlegg 3 for kartutsnitt som syner denne isoglossen).

### 2.3 Psykologisk distale determinativ

Om vi vender blikket mot determinativklassen finn ein eit liknande fenomen som PPA; psykologisk distale determinativ, som eg frå no av vil referere til med forkortinga PPD. Denne høyrer til underklassen av determinativ som kallast demonstrativ, som har som funksjon å peike ut ein unik referent i ei mengd av liknande element. Ein kan seie at ein PDD er eit personleg pronomen som har teke rolla som demonstrativ, men som kodar psykologisk distanse i staden for geografisk (Johannessen, 2008, s. 64). Dermed blir funksjonen til PDD å uttrykkje eit avstandsforhold til personen som blir omtala; anten fordi avsendar eller mottakar ikkje kjenner godt til personen, eller



fordi avsender ikkje vil «vedkjenne seg» forholdet grunna ei negativ haldning (Johannessen, 2008, ss. 66-68). Ut ifrå dette vil eg kalle PDD ein slags modal determinativ, ettersom den seier noko om talaren si haldning til temaet.

- (1) eg såg *han* Bjørnar på butikken, hugsar du han?  
 (2) *ho* Frida som vi prata med førre helg var utruleg grei.

I (1) ser ein at fyrste gongen *han* er nytta er det PPD, medan andre gongen det er nytta er det eit vanleg personleg pronomen som erstattar namnet. Nedanfor ser du ein tabell som syner hovudskilnadane mellom PPA og PDD

PPA	PDD
Only attaches to names or name-like nouns	Attaches to any kind of human nouns
Can inflect for case	Cannot inflect for case
Is never stressed	Is always stressed
Is obligatory	Is not obligatory
Carries no meaning in most dialects	Is loaded with meaning
Often has a reduced, clitic form	Has a full, unreduced form

Figur 2. Skilnadene mellom PPA og PDD (Johannessen & Garbacz, 2014, s. 16)

I likskap med PPA blir PDD òg nytta framforstilt i samband med personnamn, men bruken har meir til felles med korleis ein nyttar demonstrativ i samband med appellativ med dobbel bundenheit (*det* huset/*ho* kirurgen), sidan bruken er valfri og kan modifisere alle slags substantiv med personar som referanse. PDD og PPA har i tillegg same leksikalske opphav, ettersom dei begge tek forma av personlege pronomen, men i motsetnad til PPA er dei alltid trykktunge. Det vil seie at i enkelte former er fonetisk trykk det einaste som skil dei to artiklane frå kvarandre. Det er lett å sjå korleis dette vanskeleggjer forskning på feltet: tekstkorpora og anna skriftbasert forskning vil ofte ikkje strekkje til, sidan det i mange tilfelle er vanskeleg å avgjere om det er PPA eller PDD som har blitt nytta.

## 2.4 PPA i voldadialekta

I følgje Johannessen (2003) har introspeksjon sin naturlege plass i språkforskning dersom ein forskar på eit marginalt fenomen (Johannessen, 2003, s. 158). I tillegg til introspeksjonen til informantane mine er eg på enkelte område òg nøydd å supplere med min eigen språklege intuisjon. Denne delen av oppgåva er difor i stor grad basert på eigen introspeksjon, med førehald om dei metodiske svakheitene ei slik tilnærming berer med seg. I den samanhengen kan det mellom anna nemnast at etterprøving av dataa er umogleg; det er vanskeleg å seie kor generelle hypotesane som blir danna på grunnlag av desse kan seiast å vere; og det er lett å la seg farge av den teoretiske ståstaden ein jobbar ut ifrå (Johannessen, 2003, s. 139).

I voldadialekta har PPA tradisjonelt sett obligatorisk status. Nedanfor ser du ein tabell som syner oversikta over dei ulike formene bøygd etter kjønn og kasus:

	Nominativ		Oblik	
	Langform	Kortform	Langform	Kortform
<b>Fem.</b>	ho	'o	hinne	'ne
<b>Mask.</b>	han	'an	hånå	'nå/'na

Figur 3. Bøyingsformer av PPA i voldadialekta.

Tabellen er gjeldande for både personlege pronomen og PPA, sidan desse er identiske. Langformene blir framleis nytta som PPA av enkelte, men for mange er det den reduserte kortforma som er mest aktuell å nytte i denne samanhengen. Langforma i oblik form hokjønn blir og tradisjonelt uttala med palatalisering av den lange alveolaren /n/. Utlyden i den reduserte kortforma av hankjønn, oblik form, blir av enkelte assimilert til /a/. I tillegg kan det nemnast at nominativpronomena for mange har falle saman med dei oblike. Setningar som «ej såg ho» vil då kunne bli produserte, og på same måte kan desse bli brukte som PPA: «ej såg ho Bente på butikken».

Som ein kan lese ut ifrå tabellen til Johannessen på side 5, hevdar ho at PPA ikkje har noko tyding (i dei fleste dialekter), medan PDD har det. Eg vil hevde at dette er ei litt kunstig spissformulering som kanskje har blitt til i forsøket på å skilje dei to fenomen tydelegare frå kvarandre i dette tabellformatet – noko som kanskje legg til rette for ei meir dikotomisk tilnærming enn det som er tenleg. Lat oss sjå på to ulike utsegn:

- (1)
- a. Ej elska sol!
  - b. Ej elska Sol!

Ein ser ut ifrå den store forbokstaven at det i utsegn 1b er snakk om ein person, og ikkje det klimatologiske elementet solskin. Dette er likevel ikkje tydeleg i munnleg tale med mindre ein nyttar PPA:

- (2)
- a. Ej elska sol!
  - b. Ej elska 'ne Sol!

PPA nyttast med andre ord for å uttrykkje at argumentet er ein person og ikkje ein ting. Denne problemstillinga er kanskje særleg aktuell i område der ein brukar kallenamn flittig, slik at det blir naudsynt å presisere at du snakkar om ein person og ikkje t.d. eit objekt med same nemning som kallenamnet. For å nyansere Johannessen si todeling litt, meiner eg det er meir rimeleg å seie at PPA *har* ein viss pragmatisk funksjon, noko som blir tydeleg for meg med min språklege intuisjon som sunnmøring. PDD har ein funksjon av same type (og nokså motsett tyding), men som er meir

universell og enklare å avkode for dei fleste. Dermed er det nærliggande å karakterisere den som *meir* innhaldsrik enn PPA – men det vil ikkje seie at PPA har null tyding.

### 3. Metode

#### 3.1 Dialektologi som diakron vitskap

Den dialektologiske vitskapen i Noreg har tradisjon for å vere historisk orientert, med røter heilt tilbake i Ivar Aasen sin freistnad på å avdekkje arkaiske dialekttrekk og språklege utviklingslinjer på midten av 1800-talet (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 15). På same måte har denne oppgåva som mål å etablere kor vidt ei språkleg endring har trede i kraft, og føyer seg dermed inn under ein tradisjon av diakrone studiar – det vil seie ei tilnærming som skildrar endringar over tid (Berg, 2019, s. 19). Kjetil Jensen peiker på at språkleg variasjon ikkje naudsynlegvis er eit teikn på språkleg endring, og at for å stadfeste dette er ein nøydd til å vise at språket i dag skil seg frå det på både eit tidlegare og eit framtidig tidspunkt (Jensen, 1999, s. 37). Dette krevjar at datagrunnlaget frå dei ulike tidspunkta har same karakter med omsyn til informantutval og innsamlingsmetode – til dømes at ein studerer ei gruppe 30-åringar i år 1991 og ei anna i år 2021 (Jensen, 1999, s. 37). I praksis er denne metoden med komparative studiar i «verkeleg tid» god, men vanskeleg å realisere, fordi tidlegare studiar kan vere av ein heilt annan karakter og difor fungere dårleg som samanlikningsgrunnlag. Løysinga er å ty til den analytiske modellen kalla *the Apparent Time Construct*, som er ei synkron tilnærming som går ut i frå at språket til eldre og yngre språkbrukarar indikerer ein språkendringsprosess over tid. Dette fordrar ei forståing av at språket endrar seg lite i vaksen alder – altså vil språket til ein 50-åring i dag reflektere språket til ein 20-åring for 30 år sidan (Jensen, 1999, s. 37). Denne premissen er sjølvstøtt ikkje vasstett, og kan seiast å vere ein av svakheitene til denne modellen.

#### 3.2 Om informantutvalet

Med utgangspunkt i *the Apparent Time Construct* danna eg to informantgrupper med fire personar i kvar, fordelt likt mellom kjønna. Den eine består av ungdom i alderen 15-19 år og den andre av eldre mellom 78-80 år. I vedlegg 1 finn du eit skjema som syner oversikt over dei. Slik vil eg, om ein skal tru den analytiske modellen, få informasjon om ei språkending som har trede i kraft i løpet av ca. 60 år (som er differansen mellom snittalderen i dei to gruppene). Dei yngre informantane er alle oppvaksne i Volda sentrum og identifiserer seg som voldingar. Dei hevdar sjølve at talemåla deira er representative for slik ungdom i Volda sentrum pratar i dag. Dei eldre informantane kjem frå Dalsfjord og identifiserer seg alle som dalsfjordingar. Her hadde eg den dialektologiske arketypen NORMS i tankane – eit akronym for *nonmobile, older, rural male speakers*. Denne gruppa er innan klassisk dialektologi rekna for å vere dei mest konservative språkbrukarane, og var eit naturleg

motstykke til den yngre informantgruppa (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 16). Ved å nytte NORMS kjem ein idealet om autentisitet i møte, altså ønsket om å finne individ med den reinaste, minst forureina, og slik sett mest autentiske dialekta, noko som i den klassiske tradisjonen i mange tilfelle har gjort meir skade enn nytte: «de dialektologiske innsamlingsmetodene [var] bare i begrenset grad i stand til å beskrive en dagsaktuell språkvirkelighet.» (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 17). I min freistnad på å kartleggje språket på eit tidlegare tidpunkt er dette ikkje ei feilkjelde, men ein ressurs. Å samanlikne informantgrupper frå rurale og urbane strøk i same dialektområdet er altså gjort med ei hensikt om å få fram ein kontrast; eg går med andre ord ut ifrå at talemålet til dei eldste dalsfjordingane i dag kan fortelje oss noko om korleis ein prata i Volda på eit tidlegare tidspunkt.

Måten eg fann tak i dei eldre informantane var ved å ringe rundt til folk eg kjende. Dei yngre er alle ven-av-ein-ven. Omsyn eg har teke i utveljingsprosessen er mellom anna å ha ei jamn kjønnsfordeling, å velje ut informantar som i størst mogleg grad er stabile, og å velje ut informantar som er *språkleg naive* – dette med utgangspunkt i mellom anna William Labov sine refleksjonar kring intuisjon: «As linguists become more deeply involved in such theoretical issues, it is likely that their intuitions drift further and further away from those of ordinary people and the reality of language as it is used in everyday life (Labov, 1972, s. 199).

### 3.3 Framgangsmåte

For å samle inn datamateriale har eg gjennomført ei rekkje informantintervju. Intervjua tok om lag 30 min per person, og bestod av 8 testsetningar som informantane skulle vurdere grammatikaliteten av. Hilde Sollid definerer intuisjon som ein spontan reaksjon på ein språkleg stimulus, og ein kan seie at denne undersøkinga kviler på den språklege intuisjonen til informantane (Sollid, 2005, s. 93).

Metoden min har mykje til felles med spørjelistemetoden, som tidlegare har blitt mykje brukt innan dialektgeografien – ref. Georg Wenker og Johan Storm sine arbeid med å lage dialektatlas over Tyskland og Noreg på slutten av 1800-talet – men er tilpassa på fleire område med omsyn til kritikk som metoden har fått og behov denne oppgåva fordrar (Sollid, 2005, s. 90). Spørjelistar er ein strukturbunden reiskap som eignar seg godt til å peike på generelle utviklingstrekk i den språklege røynda. Generaliseringane er moglege fordi alle informantane blir utsette for den same stimulusen, målsetjingane er førehandsdefinerte, spørsmåla er lukka og har få svaralternativ, og funna er enkle å systematisere og handsame i etterkant (Sollid, 2005, s. 91). I forhold til spontantaleopptak og korpusundersøkingar har ein ved grammatikalitetsvurderingar betre høve til å kontrollere akkurat dei syntaktiske strukturane ein vil granske. I mi oppgåve valde eg å gjennomføre kvalitative undersøkingar i staden for kvantitative, ettersom avgrensingar i omfang gjorde det vanskeleg å behandle materiale frå særleg mange informantar.

Eg nytta taleopptak i staden for å presentere setningane skriftleg til informantane, for å unngå at dei blei påverka av skriftspråksnormen – det er fort gjort å vurdere setningane ut ifrå tilgjengeleg kunnskap om rettskriving i staden for å stole på eigen, språkleg intuisjon. Eit anna viktig moment her er at eg var nøydd å få med trykk, ettersom dette er det einaste som fonetisk skil enkelte former av PPA og PDD. Halvparten av setningane i lydklippa inneheldt PPA brukt på tradisjonelt vis, og halvparten var utan. Desse to kategoriane var gjort opp av like mange setningar med kvinnenamn som mannsnamn, og eg inkluderte PPA både i nominativ og oblik kasus, for å sjekke om det var ein skilnad mellom desse. Dette med utgangspunkt i Schütze (1996), som anbefalar å ha ein relativ balanse mellom slike forhold som kan påverke informantens si grammatikalitetsvurdering. Eg inkluderte også nokre kamuflasjesetningar som inneheldt PDD i staden, og enkelte setningar utan PPA eller PDD i det heile, slik at informantane ikkje skulle forstå kva fokusområdet mitt var. Meiningsinnhaldet i alle setningane kan seiest å vere alminneleg og enkelt å avkode, for å minske eventuell forvirring som kunne påverke resultatene negativt. På førehand gav eg også informantane så lite informasjon som mogleg om kva det var eg undersøkte – prosjektet vart kun presentert som «dialektforskning».

Eg spelte av eitt og eitt lydklipp, to gongar kvar. Etter fyrste lyttinga bad eg dei seie om dei syntest setninga høyrdest riktig ut eller om det var noko snodig eller feil med den. Etter andre lyttinga bad eg dei gjenta setninga for å så fortelje om det kjendest naturleg for dei sjølve å seie den på den måten. Eg gjorde det på denne måten slik at eg både fekk informasjon om oppfatta grammatikalitet og om korleis deira eigen språkbruk er, ettersom dette er ulike nyansar som kanskje ikkje ville bli fanga opp dersom dei berre skulle vurdere setningane som grammatikalske eller ei. I likskap med Sollid (2005) bad eg informantane om å fokusere på språkstrukturen og ikkje det semantiske innhaldet i setninga, og eg tolka ein kvar positiv reaksjon på setningane som eit uttrykk for at strukturen som vart nytta er del av grammatikken til individet (Sollid, 2005, s. 93).

## 4. Resultat og diskusjon

### 4.1 Kva er funna?

Eg har systematisert funna i fire tabellar. Setningane markerte med a inneheld PPA (grøn bakgrunn). Setningane markerte med b er utan PPA (blå bakgrunn). Det er altså 8 ulike setningar, der setningspara xa og xb svarar til kvarandre i kjønn og kasus, men der berre eine har PPA. Eg gjev kvar setning 1 poeng dersom informantens svarer ja på spørsmålet som er stilt i fyrste cella, og 0 dersom ikkje. Vidare vil eg gjennomgå dei overordna tendensane ein kan lese ut i frå desse resultatene.

Tabell 1 – Eldre: er dette grammatikalsk?								
Setning nr.:	1a	2a	3a	4a	1b	2b	3b	4b
Informant 1	1	1	1	1	1	1	1	1
Informant 2	1	1	1	1	1	1	0	0
Informant 3	1	1	1	1	0	0	0	0
Informant 4	1	1	1	1	1	0	1	0
<b>Totalt:</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>1</b>	<b>1</b>

Tabell 2 – Eldre: kunne du sagt dette sjølv?								
Setning nr.:	1a	2a	3a	4a	1b	2b	3b	4b
Informant 1	1	1	1	1	1	0	1	0
Informant 2	1	1	1	1	0	0	0	0
Informant 3	1	1	1	1	0	0	0	0
Informant 4	1	1	1	1	1	0	0	0
<b>Totalt:</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>

Tabell 3 – Yngre: er dette grammatikalsk?								
Setning nr.:	1a	2a	3a	4a	1b	2b	3b	4b
Informant 5	1	1	1	1	1	1	1	1
Informant 6	1	0	1	1	1	1	1	1
Informant 7	1	1	1	1	1	1	1	1
Informant 8	1	1	1	1	1	1	1	1
<b>Totalt:</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>

Tabell 4 – Yngre: kunne du sagt dette sjølv?								
Setning nr.:	1a	2a	3a	4a	1b	2b	3b	4b
Informant 5	0	0	0	0	1	1	1	1
Informant 6	1	0	0	1	1	1	1	1
Informant 7	1	1	1	1	1	1	1	1
Informant 8	1	1	1	1	1	1	1	1
<b>Totalt:</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>	<b>4</b>

Figur 4. Resultat av spørjeundersøking

#### 4.1.1 Informantar 1-4 (eldre)

1. Dei eldre godtok om lag halvparten av setningane *utan* PPA som grammatikalske, men det var tydeleg at dei føretrakk å nytte PPA sjølve.
2. Setningane utan PPA som vart godtekne hadde mannsnamn, og både nominativ og oblik form var representerte blant desse. Dei to setningane utan PPA som ingen av dei eldre godtok var begge med kvinnenamn.
3. Dei kvinnelege informantane var meir tilbøyelege til å akseptere manglande PPA enn dei mannlege: 6/8 blei godtekne av dei medan dei mannlege godtok 2/8.

#### 4.1.2 Informantar 4-8 (yngre)

4. *Alle* dei yngre godtok *alle* setningane som grammatikalske, anten dei hadde PPA eller ikkje. Einaste unntaket er setning 2a (med PPA), som informant 2 tykte var ugrammatikalsk.

5. Når det galdt kva dei ville brukt sjølv, var resultatet sprikande. Dei to mannlege informantane rapporterte at dei gjerne kunne ha nytta PPA i alle setningane. Desse var eit par år eldre (19) enn dei to jentene (15 og 18). Den yngste informanten var den som tok tydelegast avstand frå bruken av PPA, og ville ikkje ha nytta det i noko genus eller kasus, og synest i tillegg det var rart når eg nytta det. På tilsvarande vis var det den eldste mannen i den eldste informantgruppa som synte mest konsekvent bruk av PPA; det verka faktisk som om han hadde store vanskar med å uttale setningar utan, sjølv når eg eksplisitt bad han om det.

#### 4.1.3 Andre observasjonar

6. Mange av informantane hevda fyrst at ei gitt setning var grei og at dei kunne ha sagt den sjølv, men då dei gjentok den la dei til eller fjerna PPA utan å tenke over det. Døme: informant 1 rapporterte at setning nr 2b, *utan* PPA, var heilt grammatisk og at ho gjerne kunne ha sagt det på same måten. Likevel dukka det opp ein PPA i det ho uttalte setninga sjølv. I desse tilfella har eg ført inn svara i tabell 2 og 4 til å underbygge det dei intuitivt sa når dei gjentok setninga, ettersom det er grunn til å tru at dette stemmer betre overeins med det dei hadde sagt i ein naturleg situasjon.
7. Enkelte av dei eldre kommenterte at setningane *med* PPA var ugrammatisk fordi eg hadde nytta kortforma av artiklane, til dømes «'ne Ingeborg» i staden for «hinnje Ingeborg». I desse tilfella har eg telt svaret deira som at dei godtok setninga, sidan det ikkje var nærværet av PPA som var problemet, men at eg hadde nytta feil form av den.

## 4.2 Feilkjelder

Eg vil no kort nemne ulike feilkjelder som kan ha påverka resultatane av undersøkinga og som ein bør ha i mente.

Den mest openberre avgrensinga som hindrar eit godt, dekkande datamateriale er kanskje talet på informantar og testsetningar. Når ein skal forsøke å kartlegge utbreiinga og endringa av eit målmerke er det sjølv sagt betre dess fleire informantar, og dermed større forskingsgrunnlag, ein greier å få tak i, og om eg hadde hatt fleire testsetningar for kvar enkelt variabel kunne eg kontrollert for vilkårleg, intraindividuell variasjon. Vidare kan ein kome med ein del innvendingar mot spørjelistemetoden; mellom anna er det eit poeng at det som blir målt i denne undersøkinga er *rapportert* tale, noko som ikkje naudsynlegvis reflekterer den *naturlege*, spontane talen som informantane elles ville ha produsert. Eg prøvde å skape eit så uformelt miljø i intervjusituasjonen som mogleg, men det er likevel ingen måte ein kan vere sikre på at ikkje reaksjonen til informanten er provosert fram av tilhøva, og ville ha vore annleis i ein naturleg kontekst. Eg valde likevel å nytte meg av

grammatikalitetsvurderingar i staden for spontantaleopptak hovudsakleg av to årsaker. For det fyrste er sistnemnde langt meir tidkrevjande enn den fyrste, og for det andre ynskte eg å kartleggje oppfatta grammatikalitet eller akseptabilitet av PPA, ikkje berre den reelle bruken av denne. Til slutt kan det nemnast at akseptabilitet på generell basis finst i eit kontinuum på ein skala presentert som \*\*, \*, ?\*, ??, ?. (Cornips & Poletto, 2005, s. 942). Min metode tek ikkje omsyn til denne skalaen – grammatikaliteten plasserast heller i eit binærsystem av *godteke* eller *ikkje godteke*, og resultatata må difor sjåast på som ei forenkling av den reelle situasjonen.

### 4.3 Dialektnivellering

Dialektnivellering er det som først og fremst særmerkjer talemålsendingane i Noreg i dag (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 126). Dette er ein prosess som inneberer at «breie» dialektale trekk gradvis blir erstatta av variantar med større oppslutning og som gjerne blir oppfatta som mindre avvikande (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 126). Over tid kan dette tenkjast å føre til språkleg homogenisering på overordna plan, men ein treng ikkje om å ta på seg eit slikt einsidig resultatorientert syn – som Røsstad (2008) peiker på kan ein tenkje seg fleire stadium i denne prosessen der språkleg variasjon faktisk aukar, ettersom dialektale trekk blir spreia utan at dei gamle variantane forsvinn ut av bruk (Røsstad, 2008, s. 57). Prosessen der ein ser ei nedtoning av kontrast mellom to varietetar kallast *konvergens* (Røsstad, 2008, s. 55). Ein reknar med at dette går føre seg anten langs ein horisontal eller vertikal akse, noko som viser til påverknad mellom dialekt-dialekt eller dialekt-«standard». Desse aksane dannar utgangspunktet for dei to rådande syna på korleis talemålsendingar går føre seg: *regionalisering* (horisontal konvergens) og *standardisering* (vertikal konvergens). Nivelleringsomgrepet blir gjerne nytta om utjamning langs begge desse aksane (Røsstad, 2008, s. 57). PPA er eit dialekttrekk som for det fyrste ikkje finst i noko skriftspråk, og for det andre ikkje lenger nyttast i det ein kan kalle *standard austnorsk*. Skal ein tru rådande teori om dialektnivellering, er det difor ikkje usannsynleg at den er på veg ut.

Det er nærliggande å tru at der ein variant har mista domene til fordel for ein annan, har begge i periodar vore nytta parallelt (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 125). I slike periodar kan ein sjå føre seg at det blir utkjempa ein stille kamp som til slutt vil avgjere kva for ein variant som vil dominere i tida framover. Denne kampen kallast målbryting. Ein kan då finne variasjon både mellom ulike medlem av språksamfunnet, og i språket til eitt og same individ – såkalla inter- og intraindividuell variasjon (Mæhlum & Røynealand, 2012, s. 126). Dei ulike variantane vil då kunne kode ulik meining, til dømes tilhørslse til eit særskild sosialt lag eller aldersgruppe; om ein kun kjenner til eldre som framleis nyttar PPA vil bruken av denne kunne signalisere noko tradisjonelt, medan manglande PPA bærer konnotasjonar til noko meir moderne og ungdommeleg.



## 4.4 Ungdom som pådrivarar

Det finst ulike teoriar for å forklare kvifor ein variant endar opp med å vinne over ein annan. Som nemnt er det vanleg å gå ut ifrå at språket endrar seg lite i vaksen alder, og det er difor ungdom som først og fremst driv fram eventuelle endringar, noko som fører til oppstoda av nye sosiolekter.

Akkommodasjonsteorien til Howard Giles tek utgangspunkt i at medlem av eit språksamfunn tilpassar talemålet sitt til kven dei pratar med, og at dette må forståast som ein freistnad på å anten markere avstand eller oppnå aksept frå samtalepartnaren. Slik akkommodasjon kan gå føre seg på kort eller lang sikt – kortsiktig akkommodasjon kan då sjåast på som ei kontekstuel vilkårsbunden veksling som t.d. blir utløyst i ein slik intervjusituasjon som mine informantar vart utsette for. På same måte kan langsiktig akkommodasjon bli ein permanent del av talemålet til enkeltpersonar, og til slutt ein heil generasjon (Dragojevic, Gasiorek, & Smith, 2016, s. 39).

Eit døme er ein kommentar som informant 5 kom med under intervjuet. Ho sa instinktivt at det kjendest rart ut å bruke PPA i setning 3a, men etter litt tenking anerkjende ho likevel at ho kunne ha brukt det dersom ho prata med «besteforeldre eller ungdom frå bygda». Dette illustrerer ei tilbøyelegheit til såkalla *kodeveksling*, der individet sit inne med ei forståing av kva slags språk som er tenleg å nytte i gitte samanhengar. I alle tilfelle handlar både teorien om akkommodasjon og kodeveksling om språket si rolle som identitetsmarkør, og som verktøy til å oppnå innpass og tilhøyrse i den sosiale grupperinga ein søker til. Ein kan sjå føre seg at det er desse sosialpsykologiske mekanismane som driv ungdom til å adoptere eit språk som skil seg frå den stimulusen dei vart utsette for som born. Og heilt til slutt kan det nemnast at ungdom som gruppe er langt meir mobile enn dei førre generasjonane, noko som medfører at nye språklege trekk spreier seg snøgt.

## 5. Avslutning

Denne oppgåva vart skriven med utgangspunkt i problemstillinga «*er bruken og oppfatninga av prepropriele artiklar i voldadialekta i endring?*». Etter å ha sett på resultatata av spørjeundersøkinga mi kan eg med stor visshet konkludere med at *ja*, det er den – dei to informantgruppene stiller seg tydeleg ulikt med omsyn til både eigen bruk og grammatikalitet. Dei eldre ville nesten i alle tilfelle ha nytta artiklane i tråd med det tradisjonelle systemet, og godtok for det meste ikkje setningar utan. Når det gjeld bruken av PPA blant dei yngre informantane kan ein ane ein tydeleg kjønnskilnad: dei to mannlege informantane på 19 år kunne gjerne nytte PPA i alle kjønn og kasus, medan dei kvinnelege på 15 og 18 tok større avstand, noko som ved vidare forskning t.d. er mogleg å knyte opp mot teori om kvinner og kodeveksling. Det faktum at korkje mangel på eller bruk av PPA utløyste nokon negativ reaksjon blant dei yngre er nok til å konkludere med at bruken er blitt opsjonell.

Utviklinga har derimot enno ikkje gått så langt at artiklane oppfattast som ugrammatikalske i dei breie krinsar – men det faktum at den yngste, kvinnelege informanten ikkje valde å bruke PPA i nokon kjønn eller kasus kan potensielt seie noko om korleis framtida til dei preproprielle artiklane ser ut. I metoddelen presenterte eg korleis PPA tradisjonelt blir brukt i voldadialekta, og postulerte i det høvet eit forslag om at PPA har ein viktigare pragmatisk funksjon enn det som hittil har kome fram i norsk litteratur. Det er likevel ikkje vanskeleg å tenkje seg kvifor desse artiklane likevel er på vikande front; funksjonen er ikkje viktig nok til at det oppstår misforståingar ved å utelate den, og dei fell dermed i kategorien av markerte språkdrag som gradvis er på veg ut av bruk, i takt med dei generelle tendensane som kjenneteiknar talemålsendring i Noreg i dag.

## 6. Litteratur

- Berg, I. (2019). *Språket som vart norsk. Språkhistorie frå urnordisk til 1800-talet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Cornips, L., & Poletto, C. (2005, 07). On standardising syntactic elicitation techniques (part 1). *Lingua* 115.
- Delsing, L.-O. (2003). Syntaktisk variation i nordiska nominalfraser. I Ø. A. Vangsnes, A. Holmberg, & L.-O. Delsing, *Dialektsyntaktiska studier av den nordiska nominalfrasen* (ss. 11-64). Oslo: Novus forlag.
- Dragojevic, M., Gasiorek, J., & Smith, H. (2016, 08 18). Accommodation Strategies as Core of the Theory. *Communication Accommodation Theory: Negotiating Personal Relationships and Social Identities across Contexts*, ss. 36-59.
- Eriksson, U. (1973). *Åselesvenska 2. Målutjämning. Lundastudier i nordisk språkvetenskap A 24*. . Lund: Institutionen för nordiska språk.
- Jensen, K. (1999). *Språkendringsmønstre. En metodekritisk analyse av apokope i fauskedialekten*. Bergen: Universitetet i Bergen, Nordisk institutt.
- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I J. B. Johannessen, S. Erlenkamp, J. T. Faarlund, E. Lanza, & A. M. Vonen, *På språkjakt - problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling* (ss. 133-171). Unipub forlag.
- Johannessen, J. B. (2008). Psykologiske demonstrativer. I L.-E. Edlund, *Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk*. (ss. 63-77). Oslo: Novus forlag.
- Johannessen, J. B., & Garbacz, P. (2014). Preproprial articles. *Nordic Atlas of Language Structures*, ss. 10-17.
- Labov, W. (1972). Sociolinguistic patterns. *Conduct and Communication*, 4.
- Mæhlum, B., & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. . Oslo: Cappelen Damm AS.
- Røsstad, R. (2008). *Den språklege røynda*. Oslo: Novus forlag.
- Sollid, H. (2005). *Dialektsyntaks i Nordreisa: språkdannelse og -stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Oslo: Novus forlag.
- Thorsnæs, G. (2021, 02 10). *Dalsfjord (tidligere kommune)*. Henta frå snl.no: [https://snl.no/Dalsfjord\\_-\\_tidligere\\_kommune](https://snl.no/Dalsfjord_-_tidligere_kommune). Lasta ned 04.06.2021 kl. 15:29.

## 7. Vedlegg

### Vedlegg 1. Skjema over informantar

<b>Nr.</b>	<b>Fødselsår</b>	<b>Alder på tidspunktet intervjuet fann stad</b>	<b>Kjønn</b>
<b>1</b>	1942	79	F
<b>2</b>	1941	80	F
<b>3</b>	1941	80	M
<b>4</b>	1943	78	M
<b>5</b>	2003	18	F
<b>6</b>	2006	15	F
<b>7</b>	2002	19	M
<b>8</b>	2002	19	M

### Vedlegg 2. Kartutsnitt av Volda og omlandet



Vedlegg 3. Kartutsnitt fra ScanDiaSyn-undersøkinga som syner utbreiing av PPA i Noreg i samband med proksimale fornamn



(Johannessen & Garbacz, Preproprial articles, 2014, s. 11)

